

# Referat dialogmøte FAU Ulveset skule og Fjell kommune (FK)

---

12.8.2019

## Til stades:

FAU: Lejla Tipura og Elen Elvebakk (Kunstgrasgruppa)

FK: Lena Svalastog Garnes (Plan), Ivar Einarsen (Kultur), Arne Monsen (Eigedom) og Lennart Fjell (Kultur)

## Bakgrunn:

FAU har blitt bede om å sjå på korleis betra uteområda ved Ulveset skule, samt om det er mogleg å få etablert ein kunstgrasbane. FAU har vore i dialog med ordførar om vidare utvikling av uteområde ved Ulveset skule. Dei har tidlegare og sendt inn sine visjonar i dokumentet. Møtet med Kultur, Eigedom og Plan er å rekna som eit dialogmøte slik at FAU kan få nokre avklaringar på stoda.

## FAU presenterte sine visjonar og tankar for vidare utvikling:

### Ny kunstgrasbane:

- Viktig for FAU å behalde borna her – nærmiljøtiltak, konstruktiv aktivitet, SFO, ballbingen blir avlasta m.m. – sjå elles visjonsdokument.
- Treng ikkje om naudsynt å vera tilrettelagt for berre fotball
- Usikra område i randen av veg i vest og nord
- Ikkje drenert idag
- Området er lite i bruk av skulen
- Banen er regulert for formålet
- Kostnadsestimat: 3 Mill Kr med 1 Mill Kr. Reduksjon. Estimaten er to år gamalt.
- Lystmaster: seks master, der berre ei side står på/ikkje virker.
- Gode kommunikasjonsårar til tiltaket.
- FAU kommenterer fokus på ungdomsmiljøet for tida.
- FAU viser til prognosane for befolkningsvekst i området.
- Ønskjer dialog, og er bekymra for at toget kan gå før kommunesamanslåinga.

### Uteområde/innvendig:

- Ballbinga treng vedlikehald og nytt dekke.
- Uteområde/bygg utvendig treng vedlikehald
- Kom som blir fylt opp på sjølve grusbana + overvatnskum i bakken.
- Komfyrer inne som ikkje virkar.

## Kommentarar frå FK:

### Kultur:

- Positiv til alle tiltak retta mot å auka aktivitet for born og unge tett på skulen.
- Kommentar frå kultur om kanskje meir allsidig bruk i ein evt. nytt nærmiljøanlegg. Det er etablert mange kunstgrasbanar i Fjell og regionen dei siste åra, og behovet for meir varierte aktivitetsanlegg er stort.
- Det vil vera mogleg med spelemiddelfinansiering knytt til både kunstgras og nærmiljøanlegg.
- Kultur må sjekka ut om det vil vera mogleg å få spelemidlar knytt til rehabilitering av ballbinge (nytt dekke).

### Eigedom:

- Uavklart bruk av område førebels. Komplekst grunna fleire ulike tiltak. Det ligg t.d. føre ein bestilling på barnehage tett på skulen, og dette er under planlegging.
- Å etablere ein kunstgrasbane har og driftskostnader. Miljøperspektivet er og uavklart, og truleg dyrare grunna nye krav. Helseperspektivet knytt til granulat gjer og tiltaket dyrare.

### Plan:

- Heile området er sett av til offentleg bruk.
- Sjølv om det er uavklarte planar for uteområda ved Ulveset skule, så er innspelet frå FAU godt, med god argumentasjon som kan takast med i planane i framtida. Dette gjer at Nye Øygarden kommune (NØK) kan ha fokus på å få ein meir detaljert plan for skuleområdet, der desse innspela bør takast med..

## Konklusjon:

### Tiltak:

- Eigedom ser på kva som kan gjerast av mindre avbøtande tiltak/vedlikehald, og tek seg av det. Kom som blir fyllt opp på sjølve grusbana + overvatnskum i bakken. Komfyrer som ikkje virker etc. Generell flikking på bygg og uteområdet må sjåast på. Det vil bli sjekka ut med vaktmester om dette er meldt inn. Arne Monsen høyrer med den nye vaktmesteren for å få ein plan for korleis den utvendige flikkinga skal gjerast.
- Eigedom sjekkar ut kva som fungerer av flomlysing eller ikkje.
- Eigedom ser på dette med sikring av utrasing av stein ved grusbane i vest og nord.
- Kultur ser på søknad om tippemidlar til rehabilitering (bla. Grasmatte). Kostnad på dekke er omlag 110.000 kr. Føresetnadar for dette:
  - *Nærmiljøanlegg kan gis tilskudd til rehabilitering etter 10 års bruk.*
  - *Rehabiliteringen skal bygge på et helhetlig behov som søker må redegjøre kort for i sin søknad.*
  - *Rehabilitering av nærmiljøanlegg kan også innebære ombygging eller tilpasning til nye behov, trender mv.*
  - *Inntil 50%, maks 300000 av kostnadene*

- Plan tek med seg referat og visjonsdokument inn i eit evt. planarbeid i Nye Øygarden kommune.

#### **Vedrørende kunstgrasbane/bruk av grusbane:**

- FK kan ikkje på det noverande punkt seia noko om plan for skuleområdet i ein heilskap. Men innspelet frå FAU er godt, men viktige argument som må inn i planprosessen som vil koma i NØK.
- Innspel til FAU: Bruk tida godt i FAU til utfordring/sparring med kultur om kva type aktivitetsområde/friplass, det evt. kan bli i NØK. Ein kan finna gode døme her:
  - o <https://www.loa-fonden.dk/projekter/#?type=Anl%C3%A6g%20p%C3%A5%20skoler&years=&regions=&elements=>
  - o <https://www.friidrett.no/om-nfif/anlegg/anleggstyper/friplassen/>
  - o <https://www.godeidrettsanlegg.no/system/files/sites/default/files/Annleggstype/Naermiljoanlegg/Karta%20och%20guide%20genom%20utegym%20och%20koordinationsbana.pdf>